

Halling- ljom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -

Nr. 1/13

INNHALD

Innholdsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til Årsmøte	side	6
Hallinglagsnytt	side	7
Årsmelding Hallinglaget	side	8
Lagsinformasjon	side	12
Program for våren	side	13
Årsmelding Hallingbu	side	14
Lausdansen	side	17
Dansedømming	side	18
Mitt 1. møte med hallingspringaren	side	19
Lagsbilder	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styrene i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Eg ynskjer alle i Hallinglaget eit Godt Nytt år!

No skriv me 2013 og eg håper det blir eit bra år for både landet, folket og Hallinglaget! I det førre året skjedde det så mykje! Heldigvis var mykje positivt. Hallinglaget gjekk med overskot i fjor, me skipa til kjempegode øvingskveldar, minikurs, for ikkje å gløyme helgekurset! Og me klarte å stille lag og danse lagdans på dei store mønstringsarenaene: Buskerudkappleiken, Landskappleiken og Oslokappleiken. Me hevda oss så bra at me no innser at me har forbetra oss mykje sidan me starta opp med deltaking i lagdans.

Og ein sak som verkeleg fekk fart på mange i laget var arbeidet som vedlikehaldsfolka til Olav Thon skulle gjera på Hallingbu. For det vart synfaring, opprydning og klargjering før oppussinga, materialbæring då arbeidet starta opp og rydding og klargjering av hytta etterpå. Takka vere at nokre av oss sto på og stilte opp; fire av oss tok minst ein heil fridag på hytta, fekk me gjort det som gjerast skulle. For ein ting er klart: om ein skal få noko så må ein også yte. Ekstra moro at Thon sjølv syntes me jobba bra, så i ei melding før jul sa han at han ikkje hadde gløymt oss! Han sa at me måtte minne han på at me burde få ein ny peisomn til sommaren. Igjen takkar me Olav Thon; eg og fleire med meg er verkeleg glade for at han også bryr som om eit lite lags ve og vel.

Og i dagane før og etter jul og nyttår har dansesalane i Nordahl Bruns gate blitt pussa opp med ny måling. Før dette er mykje blitt gjort: Total brannsikring av lokala er gjennomført, med ny alarmsentral og nye brannrør der det trengs. Toaletta har fått nye fliser og det er fiksa og reparert litt både her og der. Alle som har vore i Nordahl Bruns gate sist haust har også lagt merke til den nymåla fasaden ut mot Nordahl Bruns gate som no er i fin burgunder farge. Og det er mykje ein ikkje ser, lokale som tidlegare var leigd ut til næringsareal er no pussa opp til moderne leiligheta for utleige med fine hyblar rundt eit kjøken og bad. Utleiga rettar seg no mot studentar, så kanskje det blir ei ny tid der garden igjen blir ein "heim for landsungdom", i alle fall for studentar som typisk heldt til oppe i studentfabrikken i Pilestredet. Og tala for drifta av garden seier sitt. Det er positive tal; garden er og blir arvesylvet til Bygdelaga, og vil sikre dans og lagsarbeid framover i all framtid, om me vil! Eg rettar ei oppfordring til alle om å ta seg ein tur innom Nordahl Bruns gate for å ta garden i augesyn. Det er jo beint fram eventyrleg at Hallinglaget, som "eig" ein ideell del på 3-4% (ut frå antal medlemmer i BLS), av garden vår som snart er verdt 100 millionar!

Eg gjentek det eg skreiv i fjor: "Huset vårt må bli ein samlande stad for alle laga i BLS, der alle er likeverdige, og bli ein bastion for den folkelege amatørkulturen i hovudstaden. Her bør alle som driv med folkedans, gamaldans, folkemusikk, song og teater få drive med det dei er mest glade i.!

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

Bli med å dans i året som kjem ...

Kos dikkon med Hallingljom!

*Beste helsingar
frå Terje*



*Fasaden til Nordahl Bruns gate 22 etter at den var pussa opp sommaren 2012. Igjen takk til Olav Thon for dei 4 millionane som er brukt til oppussing på ein omfram god måte.
Fotograf: Terje Grangård*

Diktet på dansediplomen vår er skriven av Oddmund Vestenfor, og blir delt ut til dei som er med på 75% av danseøvingane våre:

***"Dans deg ledug, dans deg laus,
lat fela fylle hold og haus!
Sit 'kje sturen, slapp og bleik,
hiv deg ut i frilynd leik!"***

ov.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2013 I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 20. februar kl. 19.00
i
Blåsalen
Nordahl Bruns gt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2012
4. Godkjenning av rekneskapen for 2012
5. Arbeidsplan for år 2013
6. Fastsetjing av prisar og medlemspengar
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 6. februar 2013.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2012, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

Hallinglagsnytt!

- Oslokappleiken gjekk av stabelen 27. oktober, og den store spaninga i år var Lagdans Senior, då alle bygdelaga hadde to napp i vandrepremien kvar og alle mobiliserte til venskapeleg kamp dette året. Det var verkeleg ei stor mønstring av Bygdedansen i Oslo denne laurdagen, både Valdreslaget, Numedalslaget, Telelaget og Hallinglaget stilte lag, dessutan eit lag frå Kongsberg. At Hallinglaget klarte ein 2. plass og premie er jo veldig bra! – samt det at me har klart å vinne Oslokappleiken to gonger før! Så no er me oppe blant dei gode danselaga i hovudstaden, så kom og bli med og dans i laget ...
- Hallinglaget er blitt glad i lokalprodusert mat! – og er også blitt sponsa av gode lokale matprodusentar! Her må eg fyrst og fremst nemne ”Tamt og Vilt” frå Hemsedal, eit selskap som er drive av Magne Syversbråten og kona Mia. Dei sponsa oss med eit par kilo av den beste spekemat og spekepølse! Kanskje fordi dei liker folkemusikk? og kjente Sissel Rudningen frå Hemsedal som heldt helgekurset for oss i år. Det kom i det heile mykje godt ut av dette kurset, då me også fekk kjøpe brød frå ”Godt Brød” til halv pris. Lokal mat er særst god, så støtt opp om det når de reiser rundt på ferieturar i landet vårt.
- Ingrid Eidsmo og Karl Linge fekk ein fyrstefødde son den 24. november. Det var ein velvoksen baby på over fire kilo. Ingrid har tatt etternamnet til mannen, så no heiter ho Ingrid Helene Andrea Linge, så det er ikkje så lett å finne ho i telefonkatalogen! Hallinglaget gratulerer dei stolte foreldra, og ynskjer dei alt godt framover.
- Styremedlem Simon Hesselberg Løvald tar over som danseleiar dette året, og det gler me oss til. Mange ynskjer at me syner nokre turar på danseøvingane, og kjenneteiknet til Hallinglaget er entusiastiske **gutar** og **jenter** som liker å danse. Simon vil vera instruktør på fyrste Minikurset i år den 27. Januar, sjå programmet.
- Vår kjære kasserar Elin Berget fylte førti år i byrjinga av desember; tru det den som kan. Litt fortent vørnad fekk ho av dei som visste det, sjølv om ho hadde fortent endå meir. Hallinglaget set stor pris på at ho har tatt på seg kasserarvervet i laget, og heldt styr på alle pengane som går ut og inn. Elin er også ein god dansar og eit kjærte turfølgje som alle set pris på.



Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2012

Styret:

Leiar: Terje Grangård
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Kasserar: Elin Berget
Skrivar: Sigbjørn Galdal
Styremedlem: Else Mohn
Styremedlem: Simon Hesselberg Løvald

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth, Hilde Kirkebøen og Ingrid Eidsmo.

Bladnemnd: Terje Grangård, Svein Aasen og Hans Kilen.

Valnemnd: Ola R. E. Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Danseleiar: Berit Grøtt Ellefsen

Hallinglaget hadde årsmøte den 22. februar i 2012. Dette året hadde Hallinglaget 43 fullt betalende medlemmer og 12 bimedlemer. Av medlemene var det to unge personar under 26 år. Laget håper å få med endå fleire unge neste år.

Dette året har vore eit godt danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2012 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22, samt ei ekstraøving for dei som dansa lagdans på Landskappleiken på Otta. Dei som spelte for laget denne våren var Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Lisbeth Haraldsen og Huldraleiken Hardingfelelag. Dei som har vore var med i Huldraleiken Hardingfelelag i år er Ola R. E. Imset, Atle Haugen, Henrik Meyer Jakobsen, Arild Langseth og Hans Kilen. Alle spelte hardingfele, unnateke Lisbeth Haraldsen som spelar torader på ein sær god måte.

Hausten 2012 hadde Hallinglaget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Eilev G. Myhren, Atle Haugen, Monica Skaro og Huldraleiken Hardingfelelag spelte. På mest alle øvingane dette året er det servert heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 14 - 26 personar. Styret synes at det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden.

Dette året er det halde fire styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Desse møta har me halde i lagsrommet vårt innafor kjøkenet i Nordahl Bruns gate på onsdagar før springarøvingane har starta. Til mat er pizza servert. Som tidlegare år er stemninga på styremøta svært god, og alle gjer sitt beste for å møte opp. Elles er epostmeldingar og telefon nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar (5. februar og 16. september). Kursa desse sundagane er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar minst 20 deltakarar med folk i alle aldrar og dei skapar god blest for dansen vår. Laget rettar ein stor takk til Knut Skrindo som var instruktør og til Ola R. E. Imset og Atle Haugen som

spelte hardingfele på begge desse kursa. Merk dykk at minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er populære, for her kan ein prøve seg på nye dansar, alt frå Rørospols til Springleik! Spesielt polskursa er populære, dei samlar jamt over førti deltakarar. Heldigvis trekker også hallingspringarkursa bra med folk! Me får også skryt av at me har ein time med fri springardansing etterpå. Det er utruleg kva folk kan lære seg på eit par timar.

Hallinglaget deltok i lagdansen på Buskerudkappleiken som i år var på Lampeland 17. mars! Dette var god PR for Hallinglaget og laget takkar alle som deltok. Dei som dansa var Anne, Grete, Else, Elin, Berit, Solveig, Simon, Terje, Sigbjørn, Oddmund, Svein og Olav. Lisbeth Haraldsen strålte bak toradaren, og me dansa oss til ein kjempefin 3dje plass, bak Småjondølene og Numedal spel- og dansarlag. Det var heile fem lag som deltok for Kongsberg Spel- og Danselag stilte med to lag som me klarte å slå.

”Danseru”-gjengen frå Buskerud var i Oslo heile langhelga 12. til 15. april for å øve inn dei siste detaljane til premiera med ”Liti Kjersti” på Riksscena søndag 15. april. Då vart dugnadsevna til bygdelaga i Buskerud testa, og Numedalslaget og Hallinglaget klarte å mønstre sju aktive medhjelparar kvar. Me klarte å lage mat til desse trivelege ungdomane frå torsdag kveld til lunsj søndag, samt hjelpe til med anna arbeid. Det var ei fin oppleving å sjå kor målretta og dyktige både ungdomane og instruktørane var og kor bra oppsetninga vart! Eg høyrde av fleire at dette var den beste oppsetninga i ”Bygda dansar” nokon gong! Desse ungdomane kan verkeleg danse og spele, så me håper at mange av dei vil vitje bygdelaga i åra framover. Leve dansen og ungdom som vil noko.

Nokre medlemer frå Hallinglaget var på Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (24.- 27. mai), sjølv om det i år kolliderte med pinsa! Eit av høgdepunkta i år var framsyninga av Liti Kjersti. Her var framsyning nummer to av i alt fire framsyningar denne sommaren. Særs bra! Hugs at fredag og laurdag kl. 10.00 er det frukostspringar i Kulturhuset. Dette er ei viktig formidling av hallingspringaren til alle dei som kjem til Ål. Elles var både konsertar og dansen bra i år òg, dei har funne si form på desse dagane. Diverre var det ikkje annonsert dans på fredagen i år, sjølv om det vart det! Det gjorde også sitt til at ein del ikkje kom i år. Det er mest på grunn av hallingspelet og dansen at eg tek turen til Ål kvart år. Av gode konsertar vil eg nemne konserten med Daniel Sanden Warg og Per Anders Buen Garnås. Moro var det å få med seg framsyninga med gruppa ”Grepå”, som består av Ida Furusæter, Ingebjør Sørboen, Margit Myhr og Kari Finne Sognæs.

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 3. juni samla ein del folk frå Hallinglaget. Det var 5-6 par som dansa hallingspringar på plattingen ein liten halvtime etter spelet til Eilev G. Myhren. Takk til Eilev og til dei som dansa. Det vart også ei god øving til Landskappleiken seinare i månaden. Dette året vart det tid til ein runde på museet, med fine opplevingar i dei gamle husa frå ”Enerhaugen” og gode lefser som me fekk kjøpt i ei gamal stove. Dette stemnet bør vere ei mønstring av folkedansarar og bygdefolk i Oslo-området. Hugs at Hallinglaget skaffar fribillettar til dei som vil danse og til dei som er medlemer i laget.

Den årlege Spikjikkjøtturen til Hallingbu vart gjennomført som planlagt onsdag 13. juni. Dette vart ein særs fin sommarkveld i skogen og på Hallingbu, med 10 deltakarar og særs god spikjimat som var fint skåre opp av eit fenalår. Alle som deltok var særs nøgde.

For sjette året på rad stilte Hallinglaget på lagdans under Landskappleiken, som dette året var på Otta langt oppe i Gudbrandsdalen! Imponerande at me klarte å stille med fem par på

fredagen, sjølv om eit par måtte i gravferd og ikkje kunne danse. Men folk er særst positive og stiller opp om dei kan! Så takk til dei som tok seg fri og deltok! Laget takkar Bergitte Kjosvatn og Bjørn Lien, Berit Grøtt Ellefsen og Oddmund Vestenfor, Anne Stuvøy og Geir Tretterud, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal, Heidi Wie og Terje Grangård. Me hadde særst godt dansespel – for det var ein opplagt Ulf-Arne Johannessen som spelte for oss. Han spelte fabelaktig, ein fengjande hallingspringar, som sendte oss ut i lagdansen! Dagen etter kom han til finalen i durspel senior, der det var sett opp kongepokal! Her fekk Ulf-Arne andre plass! Laget til Hallinglaget måtte ta til takke med ein 22 plass av 30 deltakande lag. Ottaværingane skipa til ein bra kappleik. Det var kompakte leiker og det var dans på fire golv samstundes. Litt mindre hallingspel enn ynskjeleg for oss i Hallinglaget, men me fekk no alle opplevd den gode dansekjensla. Takk til alle som spelte og dansa.

På Oslokappleiken laurdag 27. oktober stilte Hallinglaget også opp i lagdans! For i år var spaninga til å ta og føle på! Dei fire bygdelaga i Oslo hadde to napp i vandrepremien kvar, så no var det om å gjera å vinne fatet! Det hadde høvd godt på Hallingbu! Dette vart ei god mønstring på kor aktiv folkedansen er i Osloområdet. Hallinglaget fekk ein fin andre plass og premie. Me var berre eitt fattig poeng etter valdrisen som fekk fatet til odel og eige. Hilde Kirkebøen som spelte for oss fekk prisen for beste dansespel og spelte skjorta av oss i ei kjempebra økt med hallingspringar på kappleiksfesten etterpå. Der gjorde også Hallinglaget ein innsats for me hadde ansvaret og drift av baren som drog inn ein del peng til alle laga som var med på å skipa til denne kappleiksfesten. Ekstra gledeleg er det at Laget for Folkemusikk er oppe og står att, med nytt styre og som i år skipa til ein fin Oslokappleik. Så alle må møte opp neste år.

Dette året skipa Hallinglaget til eit nytt kjempebra helgekurs i hallingspringar, helga 17. – 18. november, der alt klaffa. Våre spelemenn Ola R. E. Imset og Atle Haugen spelte laurdag og Hilde Kirkebøen sundag. Så var me så heldige at Sissel Rudningen kom nedover frå Hemsedal for å halde kurs for oss. Det var undervisning frå hjarte til hjarte, alle tilbakemeldingar eg fekk var svært positive. Til dømes denne frå Sverige, som varma:

Tack Terje och tack hela Hallinglaget!

För ännu en fantastisk helgkurs med fantastisk instruktör, fantastiska spelmän,
fantastisk mat och fantastiskt trevliga meddansare

//kerstin

Eg var sjølv veldig glad for at eg fekk med meg dette kurset. Maten som kvinnene i Styret laga til fekk skryt som fortent, for det var hotellunsj kvar dag!. Og i år var me så heldig at me vart sponsa med god spikjimat frå ”Tamt og Vilt” i Hemsedal, ein stor takk til Magne og Mia Syversbråten som driv dette føretaket med lokal mat. Takk òg til ”Godt brød” som gav oss halv pris på gode nystekte brød.

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22. april og 11. november. Begge desse gongene spelte Enebakk Spelemannslag der Ola R. E. Imset er med og spelar. Det er kjekt for Ola spelar nokre hallingspringarar for oss i pausa, slik at alle får sjå den fine dansen vår. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar sundag er det gode spelgrupper som spelar til dans der. Om me ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person til, slik at me blir fleire.

På juleavslutinga den 12. desember vart det småmat og lefsekling att, og heile tre spelemenn spelte for oss. Ein stor takk til Hilde Kirkebøen, Monica Skaro og Ola R. E. Imset som spelte,

og til kvinnene i Styret som laga til småmaten. Svein og Terje var også med på karvinga. Eg takkar også alle dei som kom på juleavslutninga, for utan deltakarar vil det stoppe opp.

Hardingfela til Hallinglaget er også dette året leigd ut til Peter John Warner, ein ung kar frå Ås som er medlem i laget. Han vil ta seg ein tur innom laget dette året så me får høyre korleis fela til Hallinglaget lèt! Laget gler seg over at fela vår er i bruk hos ein ungdom som vil lære.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar og er leiaren sitt hjartebarn. Ein stor takk til Randi som trykker avisa. Arbeidet med lagsbladet er veldig viktig både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på www.hallinglaget.net.

Dette året mottok Hallinglaget diverse stønad frå Oslo Nye Sparebanks Fond, Sparebank 1 Hallingdal, Nes Prestegjelds Sparebank, Folkekulturforbundet og frå vår medlem Olav Thon. Tilskippingane våre i år har også gått bra, så 2012 har vore eit svært godt år for Hallinglaget. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget har hatt særst god aktivitet i året som gjekk, og er no klare for eit nytt år. Eg veit alt no at 2013 blir eit godt år i Hallinglaget.

Leve Hallinglaget!

Terje Grangård



Frå venstre: Hilde Kirkebøen, Monica Skaro og Ola R. E. Imset. Fotograf: Svein Aasen

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2013

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlemskap, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarest råd. Hugs å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 10-15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Og som vår kjære kasserar Elin Berget i laget vårt sier:

Som kasserer er eg veldig nøgd med dette :-). Eg var akkurat innom for å prøve lycka på lotto i kveld. Der fekk eg registrert Hallinglaget som min grasrotmottaker ... det betyr klingande mynt i kassa vår. Hurra! Hallinglaget får 5 % av det beløp folk tippar for. Dvs. om ein tippar for 100 kr, så får Hallinglaget 5 kr. Det gjelder for alle spill Norsk tipping har, unnateke Flax og Extra. Hurra igjen, støtt Hallinglaget!

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

23. jan.	Springarøving kl. 19.00.
6. feb.	Springarøving kl. 19.00.
6. mar.	pringarøving kl. 19.00.
20. mar.	Springarøving kl. 19.00.
3. apr.	Springarøving kl. 19.00.
17. apr.	Springarøving kl. 19.00.
15. mai	Springarøving kl. 19.00.
5. juni	Springarøving kl. 19.00.

Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 27. januar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola R. E. Imset og Atle Haugen spelar!
Det blir instruksjon i ein og ein halv time ved **Simon Hesselberg Løvald?** ,
og det blir fri springardans ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

Onsdag 20. Februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemer er velkomne.

Sundag 14. april: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.
Denne kvelden er det **Enebakk Spelemannslag, med Ola R. Imset,** som spelar.
Dei er gode og det blir nokre hallingspringarar i pausa!

3. – 5. mai: Buskerudkappleik i Hemsedal.

18. mai - 26. mai: Folkemusikkveka på Ål!
Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!
Hallinglaget vil leige hytter på ”Satakroken” Camping.

Sundag 3. juni: Bygdelagsstemnet på Bygdøy!
Hallinglaget dansar ein liten halvtime i tre – fire tida.
Dei som dansar og dei med bunad (samt alle medlemer i BLS) kjem inn gratis!

Onsdag 12. juni: Spikjikkjøttur til Hallingbu!

26. juni – 30. juni: Landskappleik på Røros!
Landskappleiken vil samle mykje folk og Hallinglaget satsar på lagdans i år òg!

VELKOMNE SKAL DE VERA!
Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (22 52 22 67/ 48 20 46 52), (grangard@c2i.net)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (berit.ellefsen@dnbnor.no)
Elin Berget: (98 01 99 10), (elinberg04@hotmail.com)

Årsmelding for Hallingbu 2012

I år har det vori mykje aktivitet på Hallingbu, både med dags- og overnattingsturar, turar i ro og mak, dugnadsturar, og sist men ikkje minst; den store oppussinga som Thon har gjevi oss.

Året vart opna med ein relativt kald tur 25- 28 januar. Det er vel som Terje brukar seia: ”Ikkje noko vinterhytte..” på kalde vinterdagar kan nok Kristin og Ulrich, frå Danmark, skrive under på det, da det var dei som vitja hytta i januar. Men dei har vori på tur før, er særns nøgde med hytta og fikk fyrst ho opp maksimalt.

Så tok det eit par månader før eg tok med meg to vener på ei hyttehelg; Thea og Marianne, 20-22 april. Thea har vori på Hallingbu før, og lika seg så godt at ho ville opp att. Det var vått i skogen, og snøflekkar rundt forbi, men med gode fjellstøvlar gjekk det fint. Me gjekk turen bort til Sinober, derfrå til Buvollen, vidare til Lilloseter, og slo ein sløyfe heim att. På hytta koka me all mat på vesleomnen i midtrommet, noko som fungera prima, sjølv om det vart vel varmt for den som sto nærmast. Ute bygde me opp ei liten bål plass, me bruka mursteinane frå uthuset, men her kjem forbetring i form av fine gode steinar frå Guds natur. Eg har nemleg fått slik ei fin lita bok om å lage mat ute, i alle former og fasongar. Denne gongen varmrøyka me fjellaure ute på grillen, og ja, det tok tid, men gjer det noko? Og så godt som det da smaka etter fyring, pass og stell med fiskane rundt bålet - livet sitt!

Helga etter, 27-28 april vart neste tur til Hallingbu, Dei som var med : Terje, Kari, Jon, Trond, Svein, Hans og eg. Trond måtte ned att på kvelden, mens me andre låg over. Me hadde ein fin kveld, grilla ute og diskuterte planer for oppussinga av hytta. På turen heim sundagen fekk me sjå at det store kviletreet på stien hadde rivi seg over ende i vinterstormen; for eit tre og for ei rot, voldsame krefter.

Michel var på Hallingbu 5-6 mai. Venninna hans, Gisela har kjøpt den gamle speider-hytta nede ved Ormtjern. Michel er ein hjelpsam kar, og bidrog på dugnaden hennar.

13 mai tok Svein og Elin ein hytte til hytte tur i Lillomarka. Frå Snippen gjekk dei fyrst til Hordahytta, derfrå til Valdriksen si hytte; Buvollen, vidare gjekk vegen til ”Pust ut; hytta til Sogn og Fjordanelaget, medan dei enda på Hallingbu, der dei tok ein kvil og skreiv i hytteboka, før dei slapp seg ned heimvegen til Snippen att.

Og endeleg var det den årlege spikjikkjøtturen. I fjor falt den ut, men nett det skal me ikkje ha noko av. Veret var fint, me sette bordet ut på framsida av hytta, og nøyt den gode spikjimaten, poteter, gulrøter, rømme og flatbrød. Dei som var med: Ove, Terje, Hans, Heidi, Trond, Merethe, Elin, Svein, Arna og eg. Og det er ikkje berre i dansinga at Svein er ein meister, han vant også i år det årlege Hallingbumeisterskapet i dart.

17 juni tok Terje ein tur til hytta. Der oppe rydda han stigen ned til blåløypa til Snippen, vaska over golv og lufta, og slo spiker i nokre lause bord. Så alt var klart til synfaringa! For 19. juni drog Terje, Olav Thon, Vidar Kvam og eg opp for å ta eit overblikk over kva som skulle gjerast med hytta for å oppgradere ho til evig liv :D Det vart ein fin tur i strålende ver, som er skrivi om i forrige nummer av Hallingljom. Kort oppsummert her vart med einige om fylgjande:

*Ny brei dobbel køyeseng til soverommet, samt madrassar til desse, og nye madrassar til hemsen.

*Nytt golv i midtrommet med furuplank som i stova, samt ny plate under omnen.

*pusse, kitte og male det store glaset i stova.

* Lime, skru og feste pipebeslag på taket

Neste tur til hytta, 24 juli, drog Terje aleine opp på hytta. Der blei han vitja av Svein og Elin som hadde prøvd blåbærlukka i skogen. Dei måtte konkludere med at det var litt vel tidleg. Terje ordna trappa, behandla det store glaset med antiparasitt, og koka ei suveren blomkålsuppe til besøket.

5-8 august var Michel eit par dagar på Hallingbu der han kosa seg med god mat, daglege simjeturar i Ormtjern, samt at han rydda alt ut av midtrommet slik at alt var klart til at det nye golvet som skulle leggjast. Han fekk også hjelp av ein kar frå nabohytta med motorsag til å felle nokre grantrær slik at utsikter vart betre.

8 august var Svein, Elin og Terje igjen ein liten tur oppover, for å sikre seg at alt var klart til den store dugnaden. Dei fant ut at Michel hadde gjort det meste klart!

23 august var Vidar Kvam frå Thongruppa med sine to menn i gang med renoveringa av Hallingbu. Terje, Michel og eg drog tidleg frå jobb for å bere materialar frå Sinober og inn til hytta. Det vart nokre turar ja, og noko tyngre enn forventa, men me fekk det da tel! Og med både symjetur i Ormtjern, kaffi og matpakke var alle nøgde.

Berre nokre dagar seinare, 26 august, for Terje opp att for å lakke over nygolvet og dra ut spiker av den gamle planken slik att me kan bruke det som ved. Svein og Elin kom òg ein tur. Dei saga opp alle golvplankane og Elin skura propanapparatet så det ikkje er til å kjenne att!

Fredag 7. september, ein strålende fin solskinsdag, tok Terje, Sigbjørn og eg fri frå jobb og hadde dagen på Hallingbu! No skulle det verkeleg ryddas og ordnas opp etter alt arbeidet på hytta. Me olja sengene, måla veggen under glaset i midtrommet, samt lakka golvet. Sigbjørn hadde med motorsag, så nå vart mykje av vindfallet saga opp og kløyva, nokre beist av nokre kubbar; ei prima måte å fa ut innestengt aggresjon på, i fall ein ber på slikt! Og Terje laga til eit fint system på stablane inne i skjulet. Etter dugnaden kom Svein opp med dei siste madrassane, som eit pakkesel gjennom skogen. No kom bordet ut på tunet, det vart fyr på grillen, god mat og kos. Og hugsar eg riktig så skal ein ikkje sjå bort i frå at eg rakk eit kveldsbad òg.

14 oktober var siste tur til Hallingbu i år. Med på turen var Hans, Sigrid, Terje, Ola og eg. No var både seng og golv tørre, og møblane kunne plasseras på plass og gardinene henges opp att. Så benka me oss rundt omnen i midtrommet med matpakker, kaffe, og nokre gode historier. Her vart det fort varmt, og det gjorde godt. Før me gjekk ned att bar me inn godt med ved for vinteren, slik at neste besøk ikkje skal fryse.

I skrivande stund nærmar jula seg, og eg merkar at eg gler meg alt no til eit fint Hallingbuår 2013. Der eg ser fram imot at både nye og gamle vener finn vegen opp til hytta, og får eit dryss av det gode liv som Hallingbu gjev.

Elsje Mohn



Jon Bugge Mariussen på toppen av ei rotevelte av dei sjeldne Fotograf: Svein Aasen



*Hyttesjef Else Mohn og styremedlem Sigbjørn Galdal var veldig nøgde etter ein heil fredag med dugnad på Hallingbu. Sigbjørn imponerte med motorsaga!
Fotograf: Terje Grangård*

Innlegg i Folkemusikk 05/12 av Simon Hesselberg Løvald:



Lausdansens vurdering

Hvem er Norges beste lausdanser? Jeg opplever at de fleste i folkemusikk- og folkedansmiljøet i Norge har en mening om dette. Spørsmålet jeg stiller meg, er: Hva skal veie tyngst? Dommernes poengsummer, eller publikums oppfatning?

Helt siden jeg startet å danse laus, har jeg aktivt jobbet for å forstå hva som kjennetegner en god lausdanser. Om du spør, tror jeg de fleste utenfor folkemusikkmiljøet vil svare at det er han eller hun som kan gjøre det høyeste hallingkastet, eller har flest kule triks i dansen. Men hvilke oppfatninger har egentlig vi som anser oss for ”kjennere”?

Slik kappleiksordningen er i dag, får utøverne kun oppgitt en poengsum som viser om vedkommende har ”A-klassestandard” – og hvordan man har prestert i forhold til de andre utøverne. Kan dette endres? Hvis jeg ønsker vurdering i form av kommentarer, gjør jeg best i å prate med publikum. Der finner jeg et utall av forskjellige synspunkter. Noen er usaklige, andre tar jeg til meg som gullkorn som kan være med å skape utvikling i dansen min. Men jakten på kommentarene er strevsom. Jeg spør: For å slippe å forsere en slik jungel av ulike meninger – er det ikke nettopp derfor vi har dommere?

Hvis ordningen skulle endres, og dommernes vurderinger fra for eksempel Landskappleiken skulle publiseres, kunne dette kanskje gitt et tydeligere bilde på hva dommerne anser som god lausdans?

Hva er egentlig innholdet i god lausdans? Det finnes dansere som både kan gjøre skyhøye kast, som lander plankestøtt på begge beina og som slår hodestift rundt hele kappleiksscenen. De danserne som derimot vekker *min* entusiasme, er de som kan danse til musikken bare de begynner å trå steget, de som velger en slått som de elsker å danse til, og som vet at nettopp *denne* musikken beskriver deres dans.

I løpet av den tiden jeg har deltatt i folkedansmiljøet, har jeg fått en opplevelse av at det er de akrobatiske lausdanserne som oppnår både publikums og dommernes gunst. Er det fordi dette regnes som vanskelig? Da vil jeg si det er tilsvarende vanskelig å danse kontrollert og beherske de ”sårbare” elementene i dansen. Publikum kan jeg alltid diskutere dette med under buskspelet, men dommernes vurdering i form av poengsummer vil jeg i dag ikke kunne tyde i ytterligere detalj.

Simon Hesselberg Løvald

Utdrag frå skriv om dansedømming ved Minni Vetlesen.

Siste nummer av ”Folkemusikk 05/12”, bladet til FolkOrg, hadde fleire interessante innlegg om dansedømming. Alle som har vore med og dansa ei stund kjenner Minna både som dansar og dommar. Nedanfor kjem eit lite utdrag av den lange og interessante artikkelen hennar i bladet. Eg kan også reklamere for dette bladet som ein kan abonnerer på om ein vil:

Minna skriver mellom anna:

”Slik jeg ser det, skal ikke dansedømmingen fungere veiledende for hva som skal bringes videre fra generasjon til generasjon, den skal bare skille prestasjonene fra hverandre”.

”Hva så med det kunstneriske uttrykket og de tekniske kravene? Når jeg analyserer ned i detalj hva jeg gjør når jeg dømmer dans, så ligger hovedfokuset på teknisk mestring, samdans, dynamikken innad i paret og musikalitet. Til sammen utgjør dette det kunstneriske uttrykket, eller formidlingen, eller opplevelsen om du vil. Som jeg ser det, blir dømmingen derfor ikke en mer eller mindre kvalifisert formidling av en opplevelse. Dommeren plukker derimot fra hverandre ”det kunstneriske uttrykket” og vurderer de enkelte bestanddelene – nettopp for å kunne vurdere kvaliteten i prestasjonen. Teknisk mestring er selvfølgelig det lokale tradisjonsuttrykket, men like mye det rent dansetekniske. Rundsnuen er et eksempel på hvor det er lett å skille de gode fra de mindre gode utøverne. Er paret i balanse, gir begge tilstrekkelig energi til snuen, er inn- og utgangen smidig og på takten? Samdans er også ganske avslørende. Gir paret hverandre plass og oppmerksomhet i dansen? Gir både fører og følger innhold til rollene sine, eller får den ene dominere på bekostning av den andre?”

Kommentar frå Terje: Det siste er kanskje noko å tenke på når me danser iver over parketten i Blåsalen?

Mitt fyrste møte med hallingspringaren

Det var eit år ved juletider eg brått fekk det føre meg at eg ville vite meir om dansar frå Hallingdal. Hallinglaget i Oslo vart kontakta. Etter ein hyggjeleg prat med Terje Grangård, bestemte eg meg for å bli med på eit minikurs i hallingspringar. Eg hadde vori innom folkedans før, men aldri springarar av noko slag. Difor var det med både nyfikne og spenning at eg troppa opp i Nordahl Bruns gate 22 ved 18-tida ein søndag i slutten av januar.

Så var vi i gang. Det hadde sett så lett og elegant ut då dansen vart synt i innleiinga av kurset. Noko heilt anna var det å gjere det sjølv. I førstninga kjendest det som om sperringar var plasserte overalt langs nervebanane i kroppen. Det gjekk over stökk og stein med armar og bein, - framlengs, baklengs og rundt omkring. Dei gode og velmeinte råda frå ulike dansepartnarar var umoglege å hugse og omsetje til praksis tre minutt seinare.

Likevel fekk eg fort sans for musikken. Og gradvis oppdaga eg at dette verkeleg var ein fin dans. Men eg skjønnte òg snart at det å få denne dansen ”inn i blodet” ikkje ville vere gjort på ein-to-tre.

Uansett gav minikurset meirsmak. Dette var faktisk morosamt! Tre dagar seinare møtte eg opp på Hallinglaget si øving.

Ove Bakken



*Bilde frå ei springarøving i 2011. Frå venstre bak: Else Mohn, Berit Grøtt Ellefsen, Heidi Wie, Sigbjørn Galdal, Elin Berget, Berit Glaser, **Ove Bakken**, Terje Grangård. Framme frå venstre: Svein Aasen, Lisbeth Haraldsen og Bjørn Aasheim.*



Ta toget til Hallingbu! **Snippen** er stasjonen. Her er fire forventningsfulle personar på veg til Spikjikkjøttur. Frå venstre: Ove Bakken, Heidi Wie, Merete Mølbach og Hans Kilen.
Foto ved: Merete Mølbach



Bilde frå det namngjetne springarkurset i november. Me (som var der) kjenner att instruktøren Sissel Rudningen og spelemennene Ola R. E. Imset og Atle Haugen. Takk til dei som kom!
Fotograf: Terje Grangård

Folkedanskveldar våren 2013

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
13. jan	Solveig og Ole med venner	Vågåspringleik	Rundsnuen Danselag
20. jan	Rusten og Sandum	Telespringar	Numedalslaget
27. jan	Katariin, Haldis & Elise	Hallingspringar !	Sogn- og Fjordaneringen
03. feb	Eiker spelemannslag	Stildans	Symra
10. feb	Fanteladdane	Finnskogspols	Hordaringen
17. feb	Steinsgårdskroken	Rørospols	Rundsnuen Danselag
24. feb	De Frilynde	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
03. mar	Farande Fant	Vestlandsspr/ Rørospols	Hordaringen
10. mar	Elise H med venner	Stildans	Symra
17. mar	Brødrene Odde	Vågåspringleik	Rundsnuen Danselag
07. apr	Bærum spelemannslag	Parhalling	Sogn- og Fjordaneringen
14. apr	Enebakk spelemannslag		Hallinglaget i Oslo
21. apr	Østerdølenes spellmannslag	Stildans	Symra
28. apr	Tonje og Stein Magne	Finnskogspols	Rundsnuen Danselag
05. mai	Bærum spelemannslag	Bodapolska	Sogn og Fjordaneringen
12. mai	Solveien splemannslag	Barnelaget i BLS	Barnelaget i BLS
17. mai	De Frilynde	17. mai!	Folkedansnemnda i BLS
26. mai	Sofienberg spelemannslag	Nordlandspols	Hordaringen
02. jun	Østerdølenes spellmannslag	Utedans!!!	Bygdelagsstemne Bygdøy

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 120,-** som inkluderer heile Folkedanskvelden!

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

[Bygdelagssamskipnaden](#), Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2012–2013

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@c2i.net
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no
Kasserar:	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: elinberg04@hotmail.com
Skrivar:	Sigbjørn Galdal Skogveien 65F, 1640 Råde	Tlf: 4800 9581 – mobil E-post: Sigb-g@online.no
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Simon Hesselberg Løvald Vibes gate 10A, 0356 Oslo	Tlf: 9363 7316 - mobil, E-post: simonlovald@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo
Tlf: 4820 4652
E-post: grangard@c2i.net

Medlemer: Svein Aasen og Hans Kilen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyret for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth, Hilde Kirkebøen og Ingrid Eidsmo.

Danseleiar: Simon Hesselberg Løvald
Tlf.: 9363 7316

Revisor: Alix Cordray
Tlf.: 2225 2949

Valnemnd: Ola R. Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og
www.dans.laus.no!

Hallingbu



ERB
JR.96